



Openheitserklæring for AS Hotel Alexandra

Verksemda, drift og organisering

Hotel Alexandra er eit 100% norskeid familiedrive hotell, etablert i 1884 i Loen. I konsernet inngår 100 % eigde Hotel Loenfjord AS, Loen Active AS, Loen Eiendomsselskap AS, Hoven Restaurant AS og 61,5 % deleigde FA-LS Holding AS som vidare eig 65% av Loen Skylift AS.

Selskapa i konsernet driv hotell-, restaurant- og aktivitetsverksemd, i tillegg til pendelbana Loen Skylift. Hotel Alexandra og Hotel Loenfjord har til saman 343 rom og 668 senger. Konsernet driv berre verksemd i Norge.

Alle som jobbar hos oss er tilsett i eitt av konsernselskapa, det gjeld både den faste arbeidsstyrken og sommarvikarar. Vi rekrutterer medarbeidarar både lokalt, regionalt og frå Kontinentet. Hotel Alexandra har tariffavtale og denne er førande også for dei andre selskapa i konsernet. I styret i Hotel Alexandra sit det 3 menn og 4 kvinner. I leiinga i selskapet er fordelinga 67 % kvinner og 33 % menn, og totalt jobbar det 55% kvinner og 45 % menn i selskapet.

Gjennom store investeringar og målretta arbeid har Hotel Alexandra oppnådd energimerke A. Ved å investere i ny energisentral fasa vi ut bruk av fyringsolje, og nyttar no kun energi frå fjorden og energi frå lokal vasskraft. Resultatet er redusert energiforbruk og ingen klimagassutslepp. Den 25.mai 2022 vart Hotel Alexandra sertifisert som miljøfyrtårn.

Dei fleste av våre leverandørar har avtaler med Nores, vår innkjøpsorganisasjon. Nores er ein medlemseigd non profit innkjøpsorganisasjon for hotell og restaurantar i Norge og Sverige. Gjennom Nores set vi krav til våre leverandørar på berekraft, menneskerettigheter, arbeidsforhold, miljø og anti-korrupsjon. Vi nyttar lokale leverandørar når det er mogleg. Slik reduserer vi unødig frakt og forureining. Etter mange års samarbeid med våre lokale leverandørar er vi trygge på at det er ordna forhold også hos dei.

Negative konsekvensar og risiko for negative konsekvensar


Hotel Alexandra er ei solid bedrift som over mange år har levert gode og stabile resultat. Dette gjer oss i stand til å stadig vidareutvikle produktet, sikre trygge arbeidsplassar og foreta tidsriktige investeringar. Vi er positive til eit lovverk som set søkelyset på menneskerettar og gode arbeidsforhold.


Vi har gjort ein risikovurdering av våre leverandørar og sett på risiko for negative konsekvensar for verksemda. Dei fleste av våre leverandørar er norske, små eller mellomstore selskap som vi kjenner godt etter mange års samarbeid. Vi har ikkje avdekka vesentlege forhold som tilseier at verksemda er utsett i særleg negativ grad.

Loen, 1.mars 2025:


Jon Erik Engeset
Styrelseiar



Kristin Loen Larsen
Styremedlem



Marianna Harmatova
Styremedlem/ tilsett


Arvid Andenes
Styremedlem


Bernt Nesje
Styremedlem


Richard Grov
Adm. Direktor


Janne Grov
Styremedlem


Anne Solve Sande
Styremedlem/ tilsett


Richard Grov
Adm. Direktor